

## Buvollen – Bredtzvold (gnr. 153)

Bredtzvold: Sterkt skriftspråkprega namneform der forleden av ordet i bygdemålet var breidr, brei; Breidvollen, Breidsvoll. – Skrivemåten av namnet har i det heile vore sers skiftande og med fleire ulike avvik.

Bredtzvold var skyldsett som eige bruk ved matrikuleringa i 1668. Landskylda var 3 skinn, og bruket låg da under Tollersrud, der Gulich og Joen i den tid var bygselbønder for Fåberg-kyrkja. Der er elles opplyst at ”Bunden haffuer sig de 3 skind till forpandtet”. – Atten år seinare vart det ved tinget på Mellem i Faaberg lese eit skjøte frå Holm Gullichen på ”1 ½ skinds gods i engelandet Bersvolden i Faaberg”. Men ved matrikuleringa i 1723 låg Bersvold Engeland framleis under Tollersrud og framleis som sjølvstendig bruk. 10. april 1731 gav elles Johannes Svendsen Korsrudstuen formell skjøte på ”engelandet Bredsvold av skyld 3 skind med bøxel” til Peder Tollersrud. Av 1754 er eit anna skjøte som her er av interesse, og som etter utskrift av panteboka har denne ordlyden:

”Bretsvolden”.

Skjøte dat. 16. mars 1754 tgl. 18. juni s.å.

Fra Peder Clemetsen Tollersrud til hans eldste søn Jens Pedersen på engelandet Bretsvolden kaldet skyldende 3 skind beliggende neden under Tollersrud i Fåberg, for hvilket han betaler 96 rd.”

Det går vidare fram at ”Jens Pedersen Bretsvolden” da budde på bruket, som han i 1756 stilte i pant til sorenskrivar Ziegler for eit lån på 100 rd.

Om Jens Pedersen Bretsvolden er elles å fortelja at han var gift med Kjersti Tordsdr.

Simenrud, og dei hadde fleire born. Dei var: a. Marit født 1741, b. Guri født 1743, c. Sigrid, Marit født 1745, d. Peder født 1747, e. Tord født 1750, f. Lars født 1753, gift 1782 med Berte Olsdr. Gustum, Gruven.

Men i 1767 var Jens Pedersen død, og det var da skifte på ”Buvolden i Faaberg”. Ved dette skiftet vart det opplyst at eiga, ”formuen” i arvebuet utgjorde 216 rd., men ”gjelden” var 843 rd. Som arvingar ved skiftet er forutan enka Kjersti Jonsdr., (Tordsdr.) oppført 4 av borna: 1. Peder, som da var 20 år, 2. ”Thore”, som var 18 år, 3. Lars, 14 år, 4. Guri, som var 23 år.

Av 1768 er einobligasjon som tydeleg fortel at det her er tale om ein ”gårdeplads Bruevolden”.

Obligasjonen har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Bruevolden.

Obligasjon dat. 4. februar 1768 tgl. 18. febr. s.å.

Kirstie Thorsdr. enke efter Jens Pedersen Buvolden er skyldig 247 rd. til Lars Olsen Korsruud mot årlig rente 4%, og til sikkerhet for kapital og renter pantsetter hun ham/ med 1ste prioritet sin eiende gårdeplads Bruevolden av skyld 3 skind, og beliggende i Fåbergs Prestegjelds hovedsogn.”

Tre år seinare gav i 1771 enka Kjersti Tordsdr. skjøte på Bretsvollen til sonen Peder Jensen for 240 rd. Skjøtet gir elles fleire interessante opplysningar og er etter utskrift av panteboka sålydande:

”Bretsvolden.

Skjøte dat. 4. oktober 1771 tgl. 10. oktober s.å.

Fra enken Kjersti Tordstr. Bretsvolden til hennes eldste søn Peder Jensen og hans arvingar på gårdepladsen Bretsvolden med underliggende Schravelløchen og Hagen Haugen kaldet skyldende 3 skind beliggende i Fåberg prestegjeld for sum 240 rd.”

I samband med denne handelen lånte så Peder Jensen ”boende på gårdepladsen Bergsvolden i Fåberg Hovedsogn” 240 rd. av Lars Korsrud mot årleg rente 4% og 1.pr. pant i plassen Bergsvolden. – Peder (Per) Jensen f. 1747 gifta seg elles med Anne Iversdtr., og dei fekk 3 born. Dei var: 1. Kjersti f. 1776, gift 1803 med Eilert Hansen, 2. tvillingsøster Marit f. 1780, gift 1809 med Peder Haagensen Sønsteli, 3. tvillingsøster Tora, gift 1803 med Peder Olsen Flygstad.

Enka Anne Iversdtr. gifta seg i 1788 oppatt med Lars Arnesen Mitjørstad, og dei hadde i sitt ekteskap også 3 born, 3 døtre, nemleg: a. Sigrid f. 1789, b. Anne f. 1792, gift 1812 med Ole Raanrud, c. Ingeborg f. 1795, gift 1842 med Peder Haagensen v/Huse.

I 1801 kom påbodet om folketelling, men i manntalet for 1801 er Buvollen, der Lars Arnesen med familie da budde, oppført som husmannsplass under Tollersrud. – Men fem år seinare gav i 1806 Lars Arnesen skjøte til Eilert Hansen (som var gift med Kjersti Buvolden) på denne eigedomen med ”Skravelløkken og Hagenhaugen av skyld 3 skinn for kjøpesum 300 rd. + føderåd.

Litt meir om storleiken på denne eigedomen i noko seinare tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Buvolden” fortalt at buskapen av store husdyr på gården da var 4 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 5 tønner. Ved matrikuleringa i 1838 fekk Buvolden (Bretsvolden) som si nye matrikkelskyld: 3 ort 14 skilling, og det var framleis Eilert Hansen f. 1769 og Kjersti Pedersdtr. f. 1776 som var husbondsfolk på Buvollen. Dei hadde ellers i sitt ekteskap fleire born. Det var: 1. Berte f. 1803, 2. Anne f. 1804, gift 1836 med Ole Johannessen v/Vedum, 3. Helene f. 1806, død 1809, 4. Mari f. 1808, død 1809, 5. Peder f. 1811, 6. Mari f. 1816. Her hadde ein elles atter eit døme på koss smittsame barnesjukdomar kunne herje i dei tider.

Men i 1846 var husbonden Eilert Hansen og død, og enka Kjersti Pedersdtr. skjøta da Buvolden til einaste sonen sin, Peder Eilertsen f. 1811. Etter det brukte så Peder Eilertsen grd. Buvollen til i 1851, da han gav skjøte til Peder Jørgensen Håvardslie for kjøpesum 600 rd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det fortalt om Buvolden at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid var 71 mål, og av dette var 29 mål av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet på garden i den tid var 2 hestar, 5 naut og 6 småkrøter, og at den årlege utsæd var ca. 4 ½ tønne korn og 1 ½ tønne settepoteter. Etter dette brukte så Peder Håvardslie grd. Buvollen til i 1872, da han selde eigedomen framleis av skyld 3 ort 14 skilling til Fåberg kommune, som kjøpte Buvollen til skulegard. Av 17. oktober 1876 er ei tinglese overenskomst om eigedomstilhøva mellom Buvollen og Tollersrud.

*(Originalmanuskriptet slutter her)*